



HJELMELAND
KOMMUNE

Sakspapir

Saksnr	Utval	Type	Dato
038/25	Areal- og forvaltningsutvalet	PS	08.04.2025

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Torborg Kleppa	K2-S11	25/402

Uttale - Tou mølle kraftverk - søknad om konsesjon

Vedlegg:

Kopi - Uttale til søknad om konsesjon for Tou Mølle kraftverk i Tavassdraget, Strand kommune (saksnr. 202421905)

Uttale til søknad om konsesjon for Tou Mølle kraftverk i Tavassdraget, Strand kommune.pdf

Konsesjonssøknad Tou Mølle Kraftverk - 202421905

Høringsbrev, Tou Mølle kraftverk

Søknad om konsesjon, Tou Mølle kraftverk

Forslag til vedtak

Hjelmeland kommune meiner at konsekvensane av å ha reguleringsmagasin skulle i større grad vore utgreidd. Det bør i konsesjonssaka også vurderast om ein skal redusera reguleringshøgda i Tysdalsvatnet for å redusere eventuelle ulemper for fisk og andre vannlevande organismer, og for å redusera faren for overfløyming og ulempene med flaum i Tysdal.

Fordelane for natur og miljø ved å ikkje gi konsesjon og tilbakeføre vassdraget til sin naturlege tilstand bør vurderast opp mot fordelar og ulemper med konsesjon og vidare drift og oppgradering av kraftverket.

Elles viser kommunen til uttalen frå Ryfylke vassområdeutval.

Hjelmeland, den 28.03.2025

Janne Johnsen
Kommunedirektør

Areal- og forvaltningsutvalet 038/25

AFU - behandling:

Behandling:

Endringsforslag , foreslått av Tårn Sigve Schmidt, Senterpartiet

Hjelmeland kommune meiner at konsekvensane av å ha reguleringsmagasin skulle i større grad vore utgreidd. Det bør i konsesjonssaka også vurderast om ein skal redusera reguleringshøgda i Tysdalsvatnet for å redusere eventuelle ulemper for fisk og andre vannlevande organismer, og for å

redusera faren for overfløyning og ulempene med flaum i Tysdal.

Alternativ 1 foretrekkes grunna størst produksjon, men konsekvensene bør utgreiast betre

Tilleggsforslag, foreslått av Tårn Sigve Schmidt, Senterpartiet

Hjelmeland kommune meiner at konsekvensane av å ha reguleringsmagasin skulle i større grad vore utgreidd. Det bør i konsesjons-saka også vurderast om ein skal redusera reguleringshøgda i Tysdalsvatnet for å redusere eventuelle ulemper for fisk og andre vannlevande organismer, og for å redusera faren for overfløyning og ulempene med flaum i Tysdal.

Alternativ 1 foretrekkes grunna størst produksjon, men konsekvensene bør utgreiast betre.

Røysting

Tilleggsforslag frå Schimdt vedteken mot to stemmer (Sværen (SV), Sjøvik Østerhus (SP)).

AFU - vedtak:

Hjelmeland kommune meiner at konsekvensane av å ha reguleringsmagasin skulle i større grad vore utgreidd. Det bør i konsesjons-saka også vurderast om ein skal redusera reguleringshøgda i Tysdalsvatnet for å redusere eventuelle ulemper for fisk og andre vannlevande organismer, og for å redusera faren for overfløyning og ulempene med flaum i Tysdal.

Alternativ 1 foretrekkes grunna størst produksjon, men konsekvensene bør utgreiast betre

Samandrag

Småkraft har søkt om løyve etter vassressurslova for vidare drift og eventuell oppgradering av Tou Mølle kraftverk, og det er denne søknaden som nå er på høyring.

Tauvassdraget strekkjer seg inn i Hjelmeland kommune, og Tysdalsvatnet er reguleringsmagasin i kraftverket. Det er søkt om to ulike alternativ der begge medfører at det blir lagt til rette for oppvandring av anadrom fisk, men med endra inntak og vannføring i nedre del av vassdraget. Reguleringshøgda i Tysdalsvatnet er ikkje foreslått endra i nokon av alternativa.

Regulering av Tysdalsvatnet og dei andre magasinane i anlegget er i liten grad omtalt i søknaden, og konsekvensane av reguleringa bør utgreiast betre. Det bør også vurderast om å redusera reguleringshøgda i Tysdalsvatnet for å redusere flaumskadar i Tysdal.

Fakta

Småkraft har søkt om løyve etter vassressurslova for vidare drift og eventuell oppgradering av Tou Mølle kraftverk, og det er denne søknaden som nå er på høyring.

Kraftverket ligg på Tau like ved Tou Mølle, og blei etablert i samband med mølledrifta. Dette var før det var krav om konsesjonsbehandling, og kraftverket er i drift i dag utan konsesjon og følgjeleg utan vilkår knytt til konsesjon. I 2022 vedtok NVE å kalla Tou Mølle kraftverk til konsesjonsbehandling, med heimel i vassressurslova § 66. Føremålet med innkalling av eldre vasskraftanlegg er å forbetre miljøtilstanden i vassdraget og å gjere det mulig å setje moderne konsesjonsvilkår. Tauvassdraget har tidlegare hatt bestand av laks og sjøaure, men det er i dag ikkje mulig for anadrom fisk å vandra forbi kraftstasjonen. Det er også registrert raudlisteartar som elvemusling og ål i vassdraget.

Tauvassdraget strekkjer seg frå Tau og innover Bjørheimsbygda og inn til Tysdalsvatnet og inn i Hjelmeland kommune. Inntaket er i Krossvatnet, med reguleringsmagasin i Bjørheimsvatnet og Tysdalsvatnet. Reguleringshøgden i Tysdalsvatnet er 1,8 m frå LRV 38 til HRV 39,8 moh. I austre enden av Tysdalsvatnet, der Spjotånå renn inn i Tysdalsvatnet, ligg Tysdal camping, som til ein viss grad kan oppleve konsekvensar av høg vasstand. Elles i Tysdal er det tre gardsbruk.

Uavhengig av konsesjonæren er det utarbeidd eit betydeleg kunnskapsgrunnlag om Tauvassdraget dei seinare åra. Målet har vore å kartlegga forhold i vassdraget før ei reetablering av anadrom fisk.

Om søknaden:

Søknaden inneheld to alternativ til oppgradering av anlegget. Det blir ikkje søkt om endringar i reguleringsgrenser i magasinerna i forhold til nåverande praksis.

Alternativ 1: Dette er det alternativet Småkraft ønskjer. Her er inntaket planlagt flytta opp til dammen ved Bjørheimsvatnet. Tauånå mellom Bjørheimsvatnet og Krossvatnet vil få redusert vassføring, og det blir redusert vanngjennomstrauming i Krossvatnet. Vassvegen på 1060m frå Bjørheimsvatnet til kraftverket vil liggja i tunnell. Det vil bli etablert fisketrapp forbi vandringshinder opp til Krossvatnet, ved inntaket i Bjørheimsvatnet og forbi reguleringsluka ved Tysdalsvatnet. Dette alternativet gir ein kraftproduksjon på 10,3 GWh. I dag er produksjonen 3,9 GWh.

Alternativ 2: Dette alternativet ligg nærare slik det er i dag, men med ei oppgradering av eksisterande inntak, og fisketrapp forbi vandringshinder ved Krossvatnet. Minstevassføring på 410 l/s forbi inntaket ved Krossvatnet, med lokkeflaumar før gyteperioden. Det vil bli etablert fisketrapp forbi dam i Bjørheimsvatnet og Tysdalsvatnet. Denne oppgraderinga gir ein årleg produksjon på 4,46 GWh.

Nullalternativet: Vidare drift etter nåverande praksis.

Både alternativ 1 og alternativ 2 vil gi betre miljøforhold enn ved dagens drift, fordi det pr. dato ikkje er krav til minstevassføring og heller ikkje er bygde fisketrappar.

Lovar, føresegner, rundskriv

vassressurslova § 8, kap. 3 , §66

Økonomiske konsekvensar

Så langt kommunedirektøren kjenner til kan ein ikkje rekna med inntekter til kommunen frå dette kraftverket.

Ein kjenner heller ikkje til at ein kan rekna med andre økonomiske konsekvensar for kommunen.

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak

Den delen av det påverka vassdraget som ligg i Hjelmeland ligg i LNF-område i kommuneplanen sin arealdel.

I Regional plan for vassforvaltning i Rogaland 2022-2027 er Tauvassdraget eit av dei prioriterte vassdraga for tiltak, med mål om å opne for anadrom vandring.

Konsekvensar for naturmangfald, klima og miljø

Smom vedlegg til søknaden er to rapportar utarbeidd av Ecofact - ein som omhandlar konsekvensar for fiskt og akvatisk miljø, og ein som omhandlar konsekvensar for naturmangfald.

Dei to alternativa oppgraderingane og nullalternativet medfører ingen endring for den delen som ligg i Hjelmeland, med unntak av at Alt. 1 og 2 begge medfører at anadrom fisk kan komme heilt opp i Tysdalsvatnet og Spjotånå.

Eit alternativ der det ikkje blir gitt konsesjon, og eksisterande tiltak og konstruksjonar i vassdraget blir fjerna er ikkje vurdert i rapporten frå Ecofact.

Konsekvensar for barn, unge, eldre, folkehelse og menneske med nedsett funksjonsevne

Dette vasskraftanlegget med dei ulike alternativa har i hovudsak ikkje store konsekvensar for desse allmenne omsyna i Hjelmeland. Alternativ 1 vil medføre mindre vannføring i Tauåna, og såleis kunna påverka badeplassen i Tau-åma og vannkvaliteten i Krossvatnet.

Når det gjeld badeplassen i Tysdalsvatnet er den allereie i dag varierende på grunn av reguleringa, ingen av dei vurderte alternativa endrar på dette.

Vurdering av universell utforming

Ikkje relevant i denne saka

Innkomne uttalar

Ryfylke vassområde utval har behandla saka - sjå vedlegg.

Vurdering og konklusjon

Denne vurderinga vil i første rekkje ta for seg konsekvensar for den delen av vassdraget som ligg i Hjelmeland kommune. For vurdering av dei ulike alternativa for heile vassdraget viser ein til vurdering og vedtak i Ryfylke vassområde si behandling av saka.

Søknaden er eit ledd i å få ein betre økologisk tilstand i vassdraget. Det er lagt fram to utbyggingsløyningar der alternativ 1 er ei utviding, og alternativ 2 er ei modernisering av dagens situasjon. Begge har tovegs fiskepassasjar. Totalt sett er konsekvensen dermed positive i forhold til dagens kraftverk. Eit nullalternativ som dagens situasjon er derfor ikkje eit reelt alternativ. Det som må vurderast er dei to alternativa med eventuelle tilpassingar/forbetringar. I tillegg må ein sjå desse alternativa opp i mot å ikkje gi konsesjon til vidare regulering, altså ei tilbakeføring til eit uregulert vassdrag. Uansett løysing er dette ei sak som vil betre den økologiske tilstanden i vassdraget inkludert forholda for laksefisk, ål og elvemusling. Slik sett er dette ei gladsak. Saka handlar om korleis dette kan gjerast på ein best mogleg måte.

I dag kan Tysdalsvatnet regulerast med 1,8 m frå 38 moh til 39,8 moh. Vatnet er stort, og følgeleg er det stort magasin sett i forhold til storleiken på produksjonen i kraftverket. Reguleringa i Tysdalsvatnet har truleg innverknad på artsmangfald og livsmiljø. Inngrepa ved utløpet av Tysdalsvatnet (senking, kanalisering) er omfattande, og ser ut til å kunne ha negativ verknad på gyte- og oppvekstforhold for fisk. Både alternativ 1 og 2 legg opp til å leggje til rette for fiskepassasje forbi dammen, og det er positivt samanlikna med dagens situasjon.

Ved Tysdal camping har det til tider vore utfordringar med at vatnet fløymer over og innover marka. Dette skjer truleg når vatnet er høgt og det i tillegg kjem flaum. I tillegg medfører høg vannstand at badestranda ved campingen blir liggjande under vatn, noko som sjølvstøtt er ein ulempe for campingen og for andre som vil nytta badeplassen her.

NVE sitt vedtak om å kalla inn Tou kraftverk med tilhøyrande reguleringsanlegg inn til konsesjonsbehandling var først og fremst grunngeve med å kunne betra leveforholda for laks, sjøaure, ål og elvemusling. Det er derfor forståeleg at dette har stort fokus i søknad og kunnskapsgrunnlaget som er utarbeida i samband med denne. Det er likevel å forventa at ei konsesjonsbehandling vurderer alle sider av reguleringa. I søknad er magasin og manøvreringsreglement i liten grad er belyst. Å gi ei ein konsesjon til regulering basert på gamal praksis synast for enkelt. Kunnskapen av konsekvensane av reguleringa burde i mykje større grad vore belyst i søknaden, deriblant t.d. om konsekvensane blir endra med ei mindre reguleringshøgde.

Tysdalsvatnet er eit stort magasin, og sjølv med ein mindre endring i reguleringshøgde vil det framleis vera eit stort magasinvolym.

Som nemnd tidlegare er eit alternativ der det ikkje blir gitt konsesjon og vassdraget blir restaurert tilbake til naturtilstand ikkje vurdert. Det er naturleg nok ikkje regulanten sitt ansvar å gjera det, og utan konsesjon vil det heller ikkje vera deira ansvar å bygge laksetrapp nedstraums Krossvatnet.. Dette kraftverket gir relativt liten produksjon; alternativ 1 vil produsere 10 GWh. alternativ 2 gir 4,4 GWh. Kanskje er kraftproduksjonen liten i forhold til eventuelle positive konsekvensar om vassdraget blir tilbakeført til sin naturlege tilstand, og det bør gjerast ei vurdering på kost/nytte av oppgradering og vidare regulering etter alternativ 2 i forhold til restaurering.

Konklusjon:

Det er positivt at konsesjonen er tilbakekalla og at ved ein eventuell ny konsesjon kan setje vilkår som ivaretek natur- og miljøomsyn.

Konsekvensane av å ha reguleringsmagasin skulle i større grad vore utgreidd. Det bør i konsesjonssaka vurderast om ein skal redusera reguleringshøgda i Tysdalsvatnet for å redusere eventuelle ulemper for fisk og andre vannlevande organismer, og for å redusera faren for overfløyning og ulempene med flaum i Tysdal.

Fordelane for natur og miljø ved å ikkje gi konsesjon og tilbakeføre vassdraget til sin naturlege tilstand bør vurderast opp mot fordelar og ulemper med konsesjon og vidare drift og oppgradering av kraftverket.